



FAGFORBUNDET

MASFJORDEN/MODALEN503

Handlingsplan 2023

Fagforbundet Masfjorden/Modalen

Avd. 503

Innleiing

Handlingsplanen er årsmøtet sitt oppdrag til fagforeningsstyret for kommande periode. Handlingsplanen bygger på Prinsipp- og Handlingsprogram i Fagforbundet, Strategiplan for årsmøteperioden, handlingsplan for fylkeskretsen og andre vedtak fatta i overordna organ. Fagforbundet sine mål, strategiar og handlingar for fagforeiningane må sjåast i samanheng med de målsettingar fylkeskretsen har lagt for perioden.

Handlingsplanen omhandlar fagforeininga sine målsettingar og aktivitetar for perioden mellom årsmøta. Planen må sjåast i samanheng med resultata og erfaringar (årsmeldinga) frå sist periode.

Kostnadane som følgjer av handlingsplanen er konkretisert i budsjettet.

Heiltid, likeløn og kampen mot auka forskjellar

- Forberede forhandlingsutvala på å gjennomføre lokale forhandlingar, med sikte på å oppnå likeløn og utjamne forskjellar
- Krevje drøftingsmøte ved bruk av bemanningsforetak - jamfør lov og avtaleverket
- Gjennomføre drøftingsmøte ved bruk av deltid og utarbeide retningsliner
- Fremme krav etter arbeidsmiljøloven kapittel 14 for alle rettmessige krav i forhold til avtaleverket
- Krevje at alle stillingar vert lyst ut som heile, faste stillingar

Fag, yrkes- og kompetanseutvikling

- Bistå dei tillitsvalde i gjennomføring av drøftingsmøte med arbeidsgjevar og utarbeide og iverksetje kompetanseplanar
- Arbeide opp mot arbeidsgjevar for å auke talet læreplassar og at fleire tar «Fagbrev på jobb»
- Sørge for at tillitsvalde etter hovudavtalen etterspør yrkesfaglege argument frå yrkesseksjonane i arbeidet opp mot arbeidsgjevar
- Sikre at medlemmane får faglege tilbod
- Bidra med faglege argument i samband med omstilling, digitaliserings- og utskillingsprosessar

Organisasjonsbygging og tariffmakt

- Kartlegge vervepotensialet på alle arbeidsplassar og lage ein plan for å bevare og styrke forbundet sin posisjon på arbeidsplassane
- Opplæring av tillitsvalde når det gjeld å verve nyttilsette – informere om Fagforbundet og spørje om dei vil melde seg inn
- Gjennomføre regelmessige arbeidsplassbesøk for å sikra kontakt med medlemmane og verve nye
- Etablere klubbstyre hjå begge arbeidsgjevarane (Masfjorden og Modalen kommunar) og sjå til at medlemmane har ein synleg tillitsvald

- Gjennomføre styrekurs i fagforeininga
- Sjå til at det blir gjennomført val av tillitsvalde på alle arbeidsplasser der me har medlemmer
- Gjennomføre arbeidsplassbesøk og etablere kontakt med medlemmar i alle yrke
- Sikre at alle tillitsvalde deltek på skulering
- Jobbe aktivt for å rekruttere fleire arbeidstakarar med høgskule- og universitets-utdanning
- Vere synlege i sosiale medier
- Ha med mangfaldsperspektivet i arbeidet med verving og tillitsvaldopplæring
- Etablere møtepunkt for å styrke samhandling mellom yrkesseksjonane og tillitsvalde valt etter hovudavtale

Offentlege tenester med egne tilsette

- Lage oversikt over bruken av vikarbyrå
- Motverke konkurranseutsetting og privatisering gjennom aktivt faglegpolitisk samarbeid
- Formidle yrkesfagleg argumentasjon for å drifte offentlige tenester med egne tilsette

Digitalisering

- Sørge for at arbeidsgjevar gir tilstrekkeleg opplæring i digitale verktøy, personvern og IT-sikkerhet
- Sørger for at arbeidsgjever legg til rette for medverknad ved anskaffelse av digitale løysinger



FAGFORBUNDET

MASFJORDEN/MODALEN 503

Fagforbundet Masfjorden/Modalen:

Møteplan: 8-10 styremøte.

Medlemsmøte 2 felles medlemsmøte i året, med tema. .

Verving: Alle tillitsvalde har ansvar for å verve på sin arbeidsplass. Alle nye tilsette skal få spørsmål om dei vil vere medlem i Fagforbundet. Verve 10 nye medlemmer i løpet av 2023.

HTV: Halde styret informert om kva som rører seg ute i avdelingane. Støtte dei tillitsvalde og ha møte med alle tillitsvalde minst 2 gangar i året.

Tillitsvalde: Det er arbeidstakarane sjølve som har ansvar for å velje seg ein tillitsvald. Dette skal skje i tillitsvaldveka. Alle tillitsvalde skal gå Fase 1 og bør fortsetje på Fase 2 og eventuelt på Fase 3. Tillitsvalde skal bistå medlemmar ute på avdelingane og elles ha faste møte med leiar for avdeling.

Leiar: Leiar kallar inn til styremøte og har det overordna ansvaret for økonomien.

Nestleiar: Går inn for leiar ved behov og støtter leiar der det trengs, ha hovudansvaret for verving.

Økonomiansvarleg: Betale rekningar. Halde styret informert om økonomien. Den økonomiske situasjonen skal takast opp på kvart styremøte.

Fane 2-ansvarleg: Halde medlemsregisteret ajourført til ei kvar tid. Sende lister til tillitsvalde og styremedlemmar som måtte ha behov for det. Skal få tilbakemelding på alle styremøte om endringar som gjeld medlemmane.

Opplæringsansvarleg: Sende ut kurstilbod til tillitsvalde og styret.

Yrkesseksjonsleiarar: Syte for at alle medlemmar får tilbod om yrkesfaglege kurs, arbeide med yrkespolitiske spørsmål, arbeide med saker som vedkjem medlemmane sin yrkesfunksjon. Halde kontakt med HTV om saker som vedkjem yrkesseksjonen.



FAGFORBUNDET

MASFJORDEN/MODALEN 503

Forenkla handlingsplan

Tiltak	Korleis	Når	Kven
Organisasjonsbygging og tariffmakt	Vere synleg, minimum to medlemsmøte. Ha tillitsvalde på alle arbeidsplassar, arbeidsplassbesøk, fokus på verving. Tillitsvaldopplæring, Fase 1 og Fase 2, gje dei tillitsvalde tilbod om å delta på kurs.	Heile året	Styret, HTV, tillitsvalde
Heiltid, likeløn og kampen mot auka forskjeller	Arbeide for fulle, faste stillingar.	Heile året	Plasstillitsvalde og HTV
Digitalisering	Sørge for at arbeidsgjever gir tilstrekkeleg opplæring i digitale verkøy, personvern og IT-sikkerhet.	Heile året	HTV og plasstillitsvalde
Fag – yrke og kompetanseutvikling	Gje tilbod om yrkesfaglege kurs i Fagforbundet/Fagakademiet til alle medlemmar. Få på plass samarbeid i yrkesseksjonane mellom kommunane.	Heile året	Yrkesseksjons leiarane og styret
Offentlege tenester i eigen regi	Jobbe mot privatisering og konkurranseutsetjing og unødig bruk av vikarbyrå.	Heile året	HTV Styret

